



REFERAT FRÅ MØTA UNDER Styrereise - IS Fjordvegen Rute 13: 28. - 29.10.2013

28.10.13:

På samtlege møte:

Styreleiar Arne Kleppa ønskte velkomen, takka for interessen og innleidde:

Kort historikk frå 1995, oppnådde milepæler m.a. stamvegstatus, ny satsing i to år med tilsett medarbeidar H. Sundbø.

Medlemsfokus og kontingentsatsar; næringsforeningar o.a. samanslutningar prioritert i det vidare.

Selskapet har levert uttale til NTP-forslaget og fått merksemd, ser no nøye på NTP 2014-2023 med komiteuttalar (mindretal/fleirtal) og konkrete prioritering av Rute 13. Gjenverande utfordringar langs Rv/Fv13, mykje i Hardanger og delar av Ryfylke og Sogn, rassikring viktigast. Politiske utfordringar, m.a. Vestlandsrådet.

Føremål med reisa no: Møte, lytta og ha dialog med medlemmer frå næring og kommunar/ fylkeskommunar. Konkretisera selskapet sin nye giv. Konkrete innspel til prioriteringar og nye medlemmer ønskt.

Stad: Sandnes Rådhus

Kl 08.00-9.00

Møtte: Styreleiar Arne Kleppa, Sigbjørn Hauge, Per Kåre Foss.

Sekretariatet: Leiv Vambheim og Hanne Sundbø.

Inviterte: *Stavangerregionens Næringsforening: Ressursgruppen for Ryfylke v/Jan Øyvind Jørgensen og Anne Woie, sekr.*

Woie: Presentasjon av foreninga: 5000 medlemmer, Samferdsle/logistikk sterkt fokus, aktiv Ryfylke ressursgruppe, ei av 27 grupper. Igongsett utgreiing nyleg: Kva med Ryfylke etter Ryfast (Asplan VIAK).

Jørgensen:

- Ønskje om KVVU må trekkast formelt av departementet. Så lenge denne ikkje er skrinlagt vil den forsinka igangsetting av alle prosjekt, frå Strand til Røldal på RV13, fram til ein evt. KVVU er ferdig utredet og behandla.

- Pri 1: Planleggingsmidler til Årdalstunnel

- Seinare pri: Tunnel frå Årdal til Mjøhus og planarbeide for bru over Jøsenfjorden.

Kleppa svar:

Møte med samf.dept. må skje snarast for avklaring KVVU. Rassikring i fokus.

Næringsrepresentant inn i styret skal drøftast.

Penger større utfordring en planprosess for Årdalstunnelen.

Framtidige trasevalg i sør: Ryfast: Til Stavanger, aktualiserer Stavanger kommune som medlem.

Stavanger-regionens Næringsforening viktig medlem pga størrelse og geografi.

Kl 9.00 - 9.40

Inviterte: *Sandnes kommune v/varaordfører Pål Morten Borgli, nærings sjef Nina O. Høiland.*

Synspunkt frå Borgli:

Turisme viktig for Sandnes sin del av Rv 13 mot Lysefjorden, samt varetransport og dagpendling frå Forsand. Elles er Rv13 av perifer betydning for byen.

Sandnes medlem frå 2009, medlemskap etter Ryfast knytt til bystyrevedtak; kopling mot Høgsfjord-kryssing. Utmelding utan dette. Stavanger bør overta ansvaret.

Hoiland: opptatt av kva for bedrifter i Sandnes som har positiv effekt av Fjordvegen sitt arbeide.

Kleppa: Prinsipp: Når usemje mellom kommunar, selskapet ser på nivå over: fylket sitt syn drift ferje Høgsfjord i framtida; må ikkje forringa finansieringa av Ryfast. Stavanger vil og bli invitert som medlem.

Foss: Fylkestinget positive til initiativ til privat ferjedrift Høgsfjord

Sundbø: Private bedrifter med hovudbase i Sandnes er og i fokus som brukarar av Rv13.

Stad: Verkshotellet, Jørpeland

Kl 11.15-12.10. (Lunsjmøte)

IS Fjordvegen v/Kleppa, Hauge. Vambheim, Sundbø.

Inviterte: Strand kommune v/ordfører Helge Steinsvåg og varaordfører Alf Henning Heggheim, Forsand kommune v/Ole Tom Guse. Ryfylke IKS v/Geir Ims.

Stiftelsen Preikestolen v/Audun Rake og Reisemål Ryfylke v/Ole Madsen, (Strandbuen v/Elin Moen)

Guse: Høgsfjordferje er ønskt på kort sikt, blir følgt opp ovafor fylkestinget no. Tunnel Espedal – Frafjord svært viktig for turismen. Forsand kommunestyre er delt på midten i syn på prioritering av tunnel ift vidare ferje på Høgsfjorden, begge er viktige for pendlarar og reiseliv. Kollektivtilbodet må betrast mot Sandnes, er veldig viktig etter at Ryfast er opna.

Delte ut info-ark med trafikklysingane for Forsand. Uro for kostnad for trafikantane vedk. rabattkort i Ryfast, inngongsbilletten for rabattkort må ned.

Nasjonal turistveg Ryfylke: Forsand forskotterer utsiktspunkt v/Høllesli (nær Lysefjordbrua).

Reguleringsplan er under utarbeiding.

Steinsvåg/Heggheim: Vesentleg for Strand: Lokal trafikktryggleik etter Ryfast: sykkelveg Jørpeland – Tau for jobbsykling til Nordmarka. Strand er delt i synet på fortsatt ferjedrift over Høgsfjorden. Strand har samrøystes kommunestyrevedtak på å arbeida for tunnel Espedal – Frafjord.

Rassikring vesentleg, døme Erfjord – Sand.

Viktig turisme-trafikk på Rv13 til Preikestolen, Fv. opp til Preikestolen Fjellstue trafikkfarleg og lav kapasitet.

Studie Strand 2050 skal utarbeidast: Bedt om utgreiing tverrsamband (ny trase) Vatne – Strandastøa.

Rake: Støttar tunnel-planar Espedal – Frafjord.

Nasj. Turistveg Ryfylke og konseptet Discovery Route viktige, koplar Rogaland og Hordaland saman, tilsvarande som rute mellom Preikestolen og Trolltunga. Dei tre turistvegane går gjennom dei edlaste delar av dei verdsberømte fjordane.

Fylkesveg til Preikestolen Fjellstue må betrast, rekord med 205.000 fotturstar på stien i sommar.

Tanke: Turistferja på Lysefjorden som riksvegferje?

Madsen: Støttar Guse vedk. tunnel Espedal - Frafjord. Nasj. turistveg Ryfylke: stor marknadsverdi, men gir lokale pliktar for skogrydding og estetikk i off. og privat planlegging. Ferjetur som integert del av reisa, vegsjefen har tatt opp temaet turistveg-ferjer.

2015: ny modell vil koma for organisering av næringsutvikling og marknadsføring.

Kleppa: Nasj. turistveg Ryfylke må brukast. Gul midtstripe ingen motsetnad. IS Fjordvegen støttar tunnel Espedal – Frafjord, jf. uttale til NTP.

Stad: Sande Næringsbygg, Hjelmeland.

Kl. 13.00-13.40

IS Fjordvegen v/Kleppa, Hauge. Vambheim, Sundbø.**Inviterte: Hjelmeland kommune v/ordfører Trine L. Danielsen, Ryfylke IKS v/Geir Ims.
(Strandbuen v/Magnar Riveland)**

Danielsen: Pri 1: Årdalstunnelen no i kommunedelplan-prosess; oppstart i k-styret 30.10. Von om klar plan til sommaren. Ope allmøte i Årdal snart.

Pri 2. Rassikring gjennom Suldal.

Pri 3. Hjelmeland–Nesvik-ferja: flaskehals, hyppigare frekvens sterkt ønskt, problem med fylkesvegdel til Ombo, muleg med ekstra ferje. Ny TØI-rapport syner 30 minutt frekvens gir sterk auke i nytteverdi.

Etter Ryfast: Raskaste veg til Oslo via Rv 13.

Anna: I dag: Dårlig koordinering ferje-frekvensar her og Tau-Stavanger.

Kollektiv-transport (Rute 13-bussen) på Rv13 Oanes - Odda i sommarsesong må koma for koping Lysefjorden - Trolltunga. Lokal utvikling av Ritlandskrateret og Skomakarnibba tenkt.

Nasjonal turistveg Ryfylke: arbeid med rasteplassar, døme Nesvik: søppelkontainrar: stygt punkt, kommunen følgjer opp.

Kleppa: Fleire løftar fram Årdalstunnelen.

Nasj. Turistveg: planlagt utsiktspunkt Bastbergneset v/Jøsenfjorden må purrast på av kommunen, litt lokal medfinansiering kan hjelpe på. Døme Allmannajuvet der Ryfylke-fondet bidreg.

Stad: Suldal kommune, Garaneset

Kl. 14.45-15.30

IS Fjordvegen v/Kleppa, Hauge. Vambheim, Sundbø.**Inviterte: Sauda kommune v/ordfører Frode Sulen, Ryfylke IKS v/Geir Ims.**

Sulen: Ny fylkesveg med tunnel Sauda – Etne er pri 1 for Sauda. Vil bli riksveg eller kommunal veg på sikt. Snart ferdig reguleringsplan. Samhandlingsreform/framtidig kommunesamanslåing mot nord aktualiserer ny veg. Innestengt samfunn av fjordis i periodar vinterstid.

Nasj. Turistveg Ryfylke viktigare når Sandsfjord bru er ferdig. Allmannajuvet går langsamt, blir flott.

Interessekonflikt Suldal - Sauda? Raskaste trase vil vinna, muleg Sandsfjord bru + Åkrafjorden.

Brattlandsdalen meir rasfarleg. Korleis tenker IS Fjordvegen?

Kleppa: Ny veg Sauda – Etne ikkje nemnt i NTP eller komitemerknader no. Tek med dei klare synspunkta.

Stad: Røynevarden, Suldal

Kl. 16.15-16.30

IS Fjordvegen v/Kleppa, Hauge. Vambheim, Sundbø.**Invitert: Suldal Næringsforening v/leiar Olav Lindseth.**

Lindseth: Pri for foreninga:

1. Rassikring Lovrabakkane – Sand (I NTP), fleire punkt.

2. Brattlandsdalen v/Ø. Lonevatn, Odda. Vinterras: snø/lausmassar utfordring for pendlarar, skule.

3. Jøsenfjord-ferja som barriere, ferjefritt sørover ønskt.

I høve Sauda sine ønskje om ny veg: raskaste trase opp Brattlandsdalen på Rv13.

Foreninga stor semje med kommunen, positiv til medlemskap.

Alle prosjekt i Hardanger er positivt for Suldal, inkl samarbeidet rundt Discovery Route og kopinga Preikestolen - Trolltunga.

Kleppa: Aktive næringsforeningar viktige for selskapet sitt arbeide, innspela konstruktive.

Stad: Tyssedal hotel, Odda.

Kl 19.00-22.00 (møte + middag)

IS Fjordvegen v/Kleppa, Hauge, Opdal. Vambheim, Sundbø.

Inviterte: Odda kommune ordfører John Opdal (også styremedlem), Ullensvang kommune v/formannskapsmedlem Samson Hamre, Hardangerbrua + Ullensvang Næringsforum v/Einar Lutro, Odda Næringshage v/Marie Opheim Fadnes, SMB Odda v/styret: Ranveig Capjon.

Opdal: Pri 1: Odda – Tyssedal: reguleringsplan klar, behandling gjenstår, nyår 2014 ferdig. Må fram i 1. periode i NTP, står i 2.

Pri 2: Oddadalen (Odda – Jøsandal): Reg. plan neste trinn, inn i NTP om 4 år.

Pri 3: Trase mot Ullensvang, ferdig regulert mot Skjelvik. Er purra, ras jul 2013

Pri 4: Brattlandsdalen, snøskredutsett. Har spelt inn til vegvesenet om å ta vekk lausmassar som strakstiltak.

Behandlings-utfordring: fylka skal gje uttale til HP for NTP, IS Fjordvegen formelt sett på sidelinja.

Hamre: Pri 1: Deildo (Børve – Lofthus) i NTP men utsett, Overraskande og skuffande. Kommunen har lagt om skular, helsetiltak etc i påvente av rask betring.

Pri 2: Lofthus – Kinsarvik: nemnt av samf.komiteen i uttale til NTP. Smal veg.

Pri 3: Kinsarvik – Berget: Flaskehals sommarstid, einvegsregulerings-behov.

Lutro: NTP: HP føreligg, ikkje så positivt for Hordaland. E39 høgast prioritert.

NTP: Deildo-trasen treng ein stortingsprop. Strategisk er rasmidlar lettare å få enn utviklingsmidlar.

Massivt og jamt trykk må til.

HP 2014-17: tungt å få inn endringar for 2014 = statsbudsjettet.

Odda no definert seg som reiselivskommune. God historisk allianse Hardanger – Setesdal.

NTP auke 20 % signalisert til rassikring - nytt pr 28.10.

Går an å nytta NHO betre.

Fadnes: Næringslivet pri 1 i Ullensvang: Bu – Jøsandal. Korleis skal næringa bidra for å få gjennomslag?

Capjon: Rv 13 mest viktig internt i regionen, E39 ut. I Hardanger usemje internt ift E39. NHO prioriterer E39.

Svar: Kleppa: innspel notert. Næringa må halda løpande dialog m/selskapet (ny medarbeidar).

Dag 2 - 29.10.

Synfaring frå Tyssedal gjennom Ullensvang

Kl 8.00-9.00

IS Fjordvegen v/Kleppa, Hauge. Vambheim, Sundbø, Rinaldo.

Invitert: Ullensvang kommune v/ordf. Solfrid Borge.

Fokus: rasfarlege strekk langs Sørfjorden.

Viktigast for Ullensvang: (ref. og Hamre 28.10.):

Pri 1: Deildo (Børve – Lofthus) i NTP, men utsett; overraskande og skuffande.

Pri 2: Lofthus – Kinsarvik: nemnt av samf.komiteen i uttale til NTP. Smal veg.

Pri 3: Kinsarvik – Berget: Stor flaskehals sommarstid, einvegsregulerings-behov.

Synfaring frå grense Voss (parsell Granvin grense – Voss)

v/Sigbjørn Hauge: tre ulukkesbelasta kryss, konflikt fjerntrafikk og lokal trafikk; m.a. Bjørgum og v/«gamle Econ». Bør samlast i ei løysingspakke.

Stad: Voss tinghus

KI 10.00-11.00.

IS Fjordvegen v/Kleppa, Hauge. Vambheim, Sundbø, Rinaldo.***Inviterte: Voss kommune v/ordfører Hans Erik Ringkjøb, rådmann Einar Hauge.***

Presentasjon v/Ringkjøb (vedlegg)

Pri 1: Granvin – Voss. Vossapakka ferdig med opning Joberg-tunnelen 19.12.13.

Pri 2: Voss - Vinje: (del av E16 aust av Voss), krevjande, heilt ny trase trengs: 12% vekst i ÅDT

Pri 3: Vinje - Myrkdalen: privat forskottert tunnel har vore gunstig. Myrkdalen: Stor auke i trafikk er venta, området vil ha reiseliv heile året

Pri 4: Myrkdalen – Vik: Voss ligg nok etter med planarbeidet ift. Vikafjellstunnelen. Adkomst Sognefjorden vesentleg for Voss (reiselivet).

Sør for Voss: trafikkauke har gitt fleire ulukkesbelasta kryss.

Voss: Stort fokus E16 + jernbane.

Jobbpendling er muleggjort mellom Hardanger – Voss med Hardangerbrua

Største næringsorganisasjon: Destinasjon Voss.

Stad: Balestrand, Kviknes Hotel

13.15-14.30 (lunsjmøte)

IS Fjordvegen v/Kleppa, Halset, Hauge. Vambheim, Sundbø, Rinaldo.***Inviterte: Balestrand kommune v/ordfører Harald Offerdal, Gaular kommune v/ordfører Mathias Råheim, Sogn & Fjordane Fylkeskommune v/Arnstein Menes. (Vik kommune v/Marta Finden Halset)***Halset: Vikafjellet: Plan på Vossasida samt inne i tunnelen gjenstår.

Tilgong Sognefjorden: med tunnel: 2 timar Vangnes til Bergen og flyplass.

Nytt politisk fleirtal (tidlegare komite-mindretal) hadde Vikafjellet i 1. planperiode av NTP, må følgjast opp lokalt og av Fjordvegen.

Offerdal: Sogn regionråd støttar Vikafjellstunnelen.

Rv55 viktigare for Balestrand, Fv13 litt på sida.

To dokument vedk. kommunestyrevedtak utdelt: Nasj. turistveg Gaularfjellet: Esefjorden: bru godkjent som rassikring.

Punkt Utsikten, teikningar ferdig, opning i 2014.

Turistvegen elles forsømt av fylkeskommunen, produktutvikling må til. Ønskjer samarbeide med IS Fjordvegen for auka trykk.

Sterke krefter ønskjer Balestrand ut av Fjordvegen.

Råheim: Ønskjer og hjelp ift turistvegen som produkt + betra vegstandard. S & F fylkeskommune har ikkje prioritert turistveg-arbeidet for Fv13. Rasfarlege strekk på Gaularfjellet.

Gaularfjellvegen er 75 år, feiringa er utsett til opning turistvegpunkt.

Rørvikfjellet (ikkje del av turen) er ein viktig pendlarveg og treng naudsynt utviding.

Gaular har meldt seg ut av Fjordvegen frå 2015, men kan endra dette viss opplevd nytteverdi i høve turistveg-arbeidet.

Menes: E39 + E16 mest sentrale i fylket.

Ferjefrekvens Vangnes – Balestrand må få 30 minutt. Kaier og kaiområde for dårlege.

Treng nasjonal støtte til standardutbetringar på Gaularfjellet, fylkeskommunen har ikkje midlar til investeringar. Utviklinga av Nasjonale Turistvegar er håpet for Fv13, vegen elles svært lite i fokus i S&F fylkeskommune.

Svar, Kleppa: Litt lokale midlar kan enklare utløyse eksterne midler. Tek imot klare signal.

Leikanger og Sogndal kommunar vil og bli inviterte med i IS Fjordvegen for å styrke samarbeidet om nordlege del.

Synfaring Gaularfjellsvegen

v/Menes og Råheim.

Vist dårleg standard, m.a. utgliding av føringskantar og vegskuldrar i bratte parti samt smale parti og dårleg dekke.

Vist turistveganlegg som Utsikten (skal byggjast ut, stort anlegg) og den flotte stålbrua over Likholefossen samt Fossestien.

Svar: Kleppa/Sundbø: konkrete innspel, kontakt med reiselivsorgansiasjonar i regionen skal opprettast.

Hanne Sundbø
Referent